



Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Fjalerhuset - kommunestyresalen
Dato:	04.06.2026
Tid:	Kl. 09:00

Medlemmer:	Parti
Espedal, Leif Jarle	AP
Naustdal, Ainor Fristad	AP
Jarstad, Jostein	H
Taylor, Mark	MDG
Engen, Randi Oddny	SP
Felde, Kjetil Høgseth	SP
Haugsbakk, Marte	V

Merknader:

- I forkant av møtet blei det halde generalsforsamling i Vevang Produksjon.
- Kjetil Ness (SV) møtte som vara for Mark Taylor (MDG) til og med sak 41. Frå sak 42 møtte Taylor, og Ness deltok deretter som observatør til og med sak 48.

Møteleiar: Espedal, Leif Jarle

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel		ArkivsakID
038/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		26/959
039/26	Godkjenning av protokoll		26/959
040/26	Referatsaker		26/959
041/26	1. Tertialrapport 2026		26/806
042/26	Rapport om omstilling og innsparing 2026		26/953
043/26	Byggesak - gbnr 39/6 - Dispensasjon til riving og oppføring av nytt naust - Tyssevegen 691		25/1940
044/26	Kommuneplanen sin samfunnsdel - sluttbehandling og vedtak		24/1687
045/26	Prosjektrekneskap 2188 - Samvirket		26/943
046/26	Søknad om kommunal lånegaranti - Fure idrettslag		26/944
047/26	Årsmelding 2025		26/413
048/26	Årsrekneskap 2025 - Fjaler kommune		25/1759

038/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå ordføraren: sakene 043/26 og 044/26 vert handsama til slutt i møtet.

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

FOR- 038/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende med den endringa at sakene 043/26 og 044/26 vert flytte og handsama til slutt i møtet.

039/26: Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: samrøystes

FOR- 039/26 Vedtak:

Protokoll frå siste møte vert godkjend.

040/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Referatsakene vert godkjende.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Kommunedirektør informerte om utskifting av leasingbilar og nye rutinar for anskaffing og økonomikontroll.

Røysting: samrøystes

FOR- 040/26 Vedtak:

Referatsakene vert godkjende.

041/26: 1. Tertialrapport 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. tertialrapport 2026 vert vedteken slik den er lagt fram
2. Revidert driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med løyvingsoversikt §5-4, første og andre ledd
3. Revidert investeringsbudsjett vert vedteke i samsvar med tabell Status § 5-5 første og andre ledd ledd
4. Meirforbruket på investeringsbudsjettet på kr 1 418 000 vert finansiert med låneopptak. Kommunedirektøren får mynde til å gjennomføre låneopptaket.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 041/26 Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

1. tertialrapport 2026 vert vedteken slik den er lagt fram
2. Revidert driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med løyvingsoversikt §5-4, første og andre ledd
3. Revidert investeringsbudsjett vert vedteke i samsvar med tabell Status § 5-5 første og andre ledd ledd
4. Meirforbruket på investeringsbudsjettet på kr 1 418 000 vert finansiert med låneopptak. Kommunedirektøren får mynde til å gjennomføre låneopptaket.

042/26: Rapport om omstilling og innsparing 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyre tek rapport om omstilling og innsparing 2026 til vitande.

Adminstrasjonen tek innspel frå kommunestyre med i vidare arbeid med omstilling og innsparing herunder arbeid med budsjett- og handlingsprogram for 2027-2030.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Mark Taylor (MDG) tredde inn i møtet.

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 042/26 Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

Kommunestyre tek rapport om omstilling og innsparing 2026 til vitande.

Adminstrasjonen tek innspel frå kommunestyre med i vidare arbeid med omstilling og innsparing herunder arbeid med budsjett- og handlingsprogram for 2027-2030.

043/26: Byggesak - gbnr 39/6 - Dispensasjon til riving og oppføring av nytt naust - Tyssevegen 691

Kommunedirektøren sitt framlegg:

I samsvar med plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan sin arealdelen, samt frå pbl. § 1-8, forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag, til å rive eksisterande bygning (naust) og føre opp eit naust på gbnr 39/6, Eldevik.

I samsvar med plan- og bygningslova § 21-4 vert det gjeve løyve til riving av eksisterande bygning (naust), samt å føre opp eit nytt naust på gbnr 39/6, Eldevik.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Naust skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 11.12.25.
- Naust skal vere i samsvar med teikningar datert 06.11.2025.
- Naust skal tilpassast terrenget, slik at det ikkje vert vesentleg inngrep i svaberget.
- Maks BYA er 24 m² (6x4 m) og med ei høgde på 4,2 m.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Tilleggsframlegg, ved/ Espedal, Leif Jarle, AP

Første avsnitt under vurdering i saksutgreiinga:

“Etter gjennomgang av tidlegare gitte løyve, har vi funnet at eksisterande naust/utstyrsbu og flytebrygge ikkje er lovleg. Det var i sak 08/504 sendt inn søknad om naust og flytebrygge den 01.07.2008. Det vart gjeve løyve 01.08.2008, men 25.05.2009 blei det søkt om endring frå flytebrygge til fast trebrygge. Naust blei ikkje oppført i same storleik, eller på plassering som godkjent, men den faste brygga blei bygd som omsøkt.”

Endrast til:

“Etter gjennomgang av tidlegare gitte løyve, har vi funnet at eksisterande flytebrygge ikkje er lovleg. Det var i sak 08/504 sendt inn søknad om naust og flytebrygge den 01.07.2008. Det vart gjeve løyve 01.08.2008, men 25.05.2009 blei det søkt om endring frå flytebrygge til fast trebrygge. Naust blei ikkje oppført, men den faste brygga blei bygd som omsøkt. I sak 13/615 blei det søkt om naust/utstyrsbu med plassering ved brygga, det vart gjeve dispensasjon den 30.07.2013.”

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

FOR- 043/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan sin arealdelen, samt frå pbl. § 1-8, forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag, til å rive eksisterande bygning (naust) og føre opp eit naust på gbnr 39/6, Eldevik.

I samsvar med plan- og bygningslova § 21-4 vert det gjeve løyve til riving av eksisterande bygning (naust), samt å føre opp eit nytt naust på gbnr 39/6, Eldevik.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Naust skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 11.12.25.
- Naust skal vere i samsvar med teikningar datert 06.11.2025.
- Naust skal tilpassast terrenget, slik at det ikkje vert vesentleg inngrep i svaberget.
- Maks BYA er 24 m² (6x4 m) og med ei høgde på 4,2 m.

Første avsnitt under vurdering i saksutgreiinga:

“Etter gjennomgang av tidlegare gitte løyve, har vi funnet at eksisterande naust/utstyrsbu og flytebrygge ikkje er lovleg. Det var i sak 08/504 sendt inn søknad om naust og flytebrygge den 01.07.2008. Det vart gjeve løyve 01.08.2008, men 25.05.2009 blei det søkt om endring frå flytebrygge til fast trebrygge. Naust blei ikkje oppført i same storleik, eller på plassering som godkjent, men den faste brygga blei bygd som omsøkt.”

Endrast til:

“Etter gjennomgang av tidlegare gitte løyve, har vi funnet at eksisterande flytebrygge ikkje er lovleg. Det var i sak 08/504 sendt inn søknad om naust og flytebrygge den 01.07.2008. Det vart gjeve løyve 01.08.2008, men 25.05.2009 blei det søkt om endring frå flytebrygge til fast trebrygge. Naust blei ikkje oppført, men den faste brygga blei bygd som omsøkt. I sak 13/615 blei det søkt om naust/utstyrsbu med plassering ved brygga, det vart gjeve dispensasjon den 30.07.2013.”

044/26: Kommuneplanen sin samfunnsdel - sluttbehandling og vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038 vert vedteken slik den ligg føre

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 044/26 Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038 vert vedteken slik den ligg føre

045/26: Prosjektrekneskap 2188 - Samvirket

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Prosjektrekneskapen med tilhøyrande sluttrapport på prosjekt 2188 - Samvirket vert godkjent slik den er lagt fram.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 045/26 Vedtak:

formannskapet si tilråding:

Prosjektrekneskapen med tilhøyrande sluttrapport på prosjekt 2188 - Samvirket vert godkjent slik den er lagt fram.

046/26: Søknad om kommunal lånegaranti - Fure idrettslag

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret vedtek å stille kommunal garanti i form av simpel kausjon for eit lån på inntil kr 750 000 til Fure idrettslag
2. Garantien gjeld for refinansiering av eksisterande lån
3. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetaling på lånet og går ut etter 10 år med tillegg av 2 år, jamfør § 3 i *Forskrift om garantier og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner*.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 046/26 Vedtak:

formannskapet si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å stille kommunal garanti i form av simpel kausjon for eit lån på inntil kr 750 000 til Fure idrettslag
2. Garantien gjeld for refinansiering av eksisterande lån
3. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetaling på lånet og går ut etter 10 år med tillegg av 2 år, jamfør § 3 i *Forskrift om garantier og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner*.

047/26: Årsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Årsmeldinga til Fjaler kommune for 2025 vert godkjend slik den er lagt fram.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 047/26 Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

Årsmeldinga til Fjaler kommune for 2025 vert godkjend slik den er lagt fram.

048/26: Årsrekneskap 2025 - Fjaler kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Årsrekneskapen til Fjaler kommune vert godkjend slik den ligg føre
2. Det blir løyvt kr 1 147 000 til å dekke det kommunen har betalt for lite i minimumsavdrag for regnskapsåret 2025. Avdraget blir betalt i 2026. Løyvinga blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
3. Investeringsprosjekt som er gjort opp med meirfruke blir delvis dekkja inn med prosjekt som er gjort opp med mindreforbruk. udekka på kr 2 367 835 blir finansiert med låneopptak. Kommunedirektøren før fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

04.06.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet/finansutvalet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 048/26 Vedtak:

Formannskapet si tilråding:

1. Årsrekneskapen til Fjaler kommune vert godkjend slik den ligg føre
2. Det blir løyyt kr 1 147 000 til å dekke det kommunen har betalt for lite i minimumsavdrag for regnskapsåret 2025. Avdraget blir betalt i 2026. Løyvinga blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
3. Investeringsprosjekt som er gjort opp med meirfruke blir delvis dekka inn med prosjekt som er gjort opp med mindreforbruk. udekka på kr 2 367 835 blir finansiert med låneopptak. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.